

Prosjektmandat

for

innføring av velferdsteknologi– Bjørnafjorden kommune

Oppdragsgivar	Christian Fredrik Fotland
Prosjekteigar	Monica Totland Melvold
Prosjektleiar	Monica Totland Melvold
Planlagt startdato	01.01.18
Planlagt sluttdato	01.05 2019 (01.01.20?)

Referanse	Prosjektnr.:	Kontering:
-----------	--------------	------------

Mandat

Kva er bakgrunn for prosjektet?

Demografiske endringar med fleire yngre brukarar, fleire med kronisk sjukdom og eit aukande tal eldre skapar nye utfordringar i helse- og omsorgstenestene. Politiske føringar legg opp til at behandling, pleie og omsorgsoppgåver i aukande grad blir flytta frå spesialisthelsetenesta til dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Auka bruk av velferdsteknologi som støtte for omsorgstenester opnar for nye moglegheiter i utforminga av tenestetilbodet.

Dei demografiske endringane i Norge vil føre til at det framover blir fleire nye yngre brukargrupper og fleire eldre som har behov for tenester, samstundes som det blir færre personar i arbeidsfør alder. SSB anslår at antall personar i aldersgruppene over 67 år vil dobblast i kommunane fram mot 2040, samstundes antall yrkesaktive pr. pensjonist vil reduserast i omtrentlig størrelsesorden fra 5,5 yrkesaktive pr. pensjonist ned mot 3,5 yrkesaktive pr. pensjonist. Velferdsstaten slik vi kjenner den i dag er i fare dersom vi ikkje blir i stand til å gje eir omsorg med færre hender.

Både Os og Fusa vil merke dei demografiske endringane dei komande åra. Os vil ha ein kraftig vekst i talet på personar over 67 år, med hovudvekt på gruppa 67- 79 fram mot 2020. tilsvarande auke er forventa i åra 2020-2030 for aldersgruppa over 80 år.

Fusa vil merke ein stor auke i personar over 80 år med behov for pleie og omsorgstenester fram mot 2040.

Det blir difor nødvendig for Os og Fusa å satse friskt på velferdsteknologi dei komande åra.



Kva skal prosjektet bidra til?

Prosjektet skal bidra til at fleire kan bu lenger heime i eigen bustad ved hjelp av individuelt tilpassa teknologi, og dermed utsette behovet for sjukeheimsplass.

Unngåtte kostander- oppgåver reduserast eller nye tiltak treng ikkje setjast i verk fordi velferdsteknologi dekker behovet for oppfølging av tenestemottakar.

Spart tid- redusere tidsbruk på å levere tjenesten.

Auka kvalitet- tenestemottakar, pårørende og ansatte opplever auka kvalitet på tenestene som blir levert.

Kva er målet for prosjektet?

Mål regionalt:

Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i helse og omsorgstenesta innan 2020. (Omsorg, 2020)

Mål for prosjektet:

- Prosjektet skal planlegge, setje i verk og gjennomføre tiltak som fører fram til gode løysingar for velferdsteknologi i Os og Fusa.
- Planlegge og gjennomføre informasjon til innbyggjarane og internt i organisasjonen
- Planlegge og gjennomføre kompetansehevingstiltak i helse og omsorg innan velferdsteknologi.

Resultatmål:

- Etablere ei felles plattform for velferdsteknologi for kommunane Os og Fusa, plattformen skal knytast mot heimetenester og institusjon. Plattformen er framtidsretta.
- Vi har eit godt mottak for handtering av alarmer og varsel.
- Alle tryggleiksalarmer er digitale
- Ansatte har god kompetanse på velferdsteknologi



- Os og Fusa tilbyr tenesta velferdsteknologi
- Har eit godt tverrfagleg samarbeid på området velferdsteknologi
- Os og Fusa har investert i lønnsame og langsiktige velferdsteknologiske løysingar, desse skal vere i tråd med anbefalingar frå nasjonalt velferdsteknologiprogram.
- Innbyggjarane i Os og Fusa har informasjon om velferdsteknologiske løysingar lett tilgjengelig
- Velferdsteknologi blir brukt som virkemiddel for effektiv ressursbruk, og gode tenester.

Omfang og avgrensing

Kva skal prosjektet omfatte? Kva skal det ikkje omfatte?

I prosjektet nyttar ein definisjonen velferdsteknologi, denne definisjonen er brei og famnar dei fleste områder.

Definisjon velferdsteknologi: teknologisk assistanse som bidrar til auka trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet, og fysisk og kulturell aktivitet, og som styrkar den enkeltes evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og nedsett funksjonsevne.

Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørande og elles bidra til å forbetre tilgjengelegheit, ressursutnyttelse og kvalitet på tenestetilbodet.

Velferdsteknologiske løysingar kan i mange tilfelle forebygge behov for tenester eller innleggelse i institusjon. (NOU 2011:11, s.99)

Stortinget har vedteke ei nasjonal satsing på velferdsteknologi- nasjonalt velferdsteknologi program. Helsedirektoratet har gjennomføringsansvar for denne satsinga. Den nasjonale satsinga nyttar definisjonen som vist over. Det finst fleire ulike området innanfor velferdsteknologi, det er vanlig å dele desse inn i fire områder.

Trygghetsskapande teknologiar: skal gjer det mogleg for menneske å føle trygghet og ha moglegheit til å bu lenger heime. Her inngår også løysingar som gjev moglegheit for sosial deltaking og motverkar einsemd.



Mestringsteknologiar: skal gjer det mogleg at menneske betre kan meistre eiga helse. I dett inngår løysingar knytta til kronisk sjukdom, behov for rehabilitering /opptrening og vedlikehald av mobilitet.

Helseteknologi: avansert medisinsk utgreiing og behandling i heimen.

Velværeteknologi: bidreg til at menneske blir meir bevisst på eiga helse og avhjelpe kvardaglige gjeremål utan at nedsett helsetilstand er årsaka til bruken av teknologi. Denne teknologien kan bidra i folkehelsefremjande arbeid.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram omfattar ikkje aktivitetar knytt til helseteknologi og velværeteknologi.

Resultat frå nasjonalt velferdsteknologi program blir presentert i gevinstrealiseringsrapportar, den første rapporten kom i 2015 og den andre i byrjinga av 2017. på grunnlag av desse rapportane blir det no slått fast at det ikkje er nødvendig med fleire pilotprosjekt i helse og omsorgssektoren. Kommunane bør difor satse på å få velferdsteknologi inn i den ordinære drifta, og hente erfaringar frå andre kommunar som har prøvd ut ulike løysingar.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram kjem med anbefalingar på kva teknologi kommunane bør starte med, desse er:

- Digital tryggleiksalarm (dette blir anset som ei standardtjeneste)
- Varslings og lokaliseringsteknologi
- Elektronisk medisineringsstøtte
- Elektroniske dørlåsar
- Digitalt tilsyn
- Oppgraderte sjukesignalanlegg/ pasientvarslingsystem
- Logistikk-løysingar for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenestene

Prosjektet er avgrensa til å omhandle innføring av trygghetsskapande og mestringsteknologi, ein vil difor konsentrere seg om dei områda som er representert i nasjonalt velferdsteknologi program.



Prosjektet skal følge disse anbefalingane, og tek ikkje sikte på å starte nye pilot prosjekt eller prøve ut ukjend teknologi i stor skala.

Prosjektet skal nytte www.samveis.no som rettleiande i prosjektperioden.

Økonomi

Som hovudregel skal all timebruk i prosjektet belastast ordinær drift. Alle ekstra innkjøp skal godkjennast av styringsgruppa.

Prosjektet har eigne tilsette i Fusa.

Prosjektet går ut på anbod saman med Nordhordlandsprosjektet og fleire kommunar i Hordaland. Vi vil gjennom anbodsprosessen kunne innhente nøyaktige prisar for kvar enkelt teknologi, dette vil ein ha god oversikt over når ein nærmar seg sommaren 2018. Denne informasjonen kan ein ta med seg inn i budsjettarbeidet for 2019.

Det er på noverande tidspunkt vanskelig å estimere nøyaktige prisar for kvar enkelt teknologi.

Ein må medrekne kostnader knytt til implementering, i form av frigjorte ressursar.

Framdrift

Framdriftsplan/milepælar 2018.

Nr.	Milepæl	Estimert tidspunkt
MP 1	Publisere invitasjon til innspel frå leverandørar	Mars 2018
MP 2	Kartlegging i kommunane, innspel kravspesifikasjon	Mars 2018
MP 3	Anbod publisert på Doffin	April 2018
MP 4	Opplæringsplan og gevinstrealsieringplan	Mai, juni 2018
MP 5	Frist svar på tilbod	Aug 2018
MP 6	Oppfølging av anbod, evaluering av tilbod, forhandlingar	



MP 7	Signere kontrakt	Nov 2018
MP 8	Opplæring	Des 18
MP 9	Leveranse oppstart	Des 18

Organisering

Styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe i Bjørnafjorden kommune, overordna prosjektleiar + tillitsvalde og verneombod

Deltakarane i styringsgruppa skal:

- Ta avgjerder om igangsetting, gjennomføring og avslutning av prosjektet.
- Ha eit klart og aktivt ansvar for prosjektet, og stille krav til måloppnåing og gevinstrealisering.
- Verifisere behov for, og godkjenne, leveransar.
- Løse eventuelle prioriteringskonflikter.
- Vere støttespelarar for prosjektleiar.
- Bidra til at prosjektplanen blir gjennomført
- Representere eiga avdeling/eining i prosjektet, og informere om/forankre prosjektet i eiga avdeling/eining.

Namn	Ansvar/rolle	Tlf.nr./e-mail adresse
Christian F. Fotland	Rådmann Os kommune	chff@os-ho.kommune.no
Nils-Petter Borge	Rådmann Fusa kommune	nils-petter.borge@fusa.kommune.no
Line Rye	Kommunalsjef oppvekst og kultur og helse og omsorg	liry@os-ho.kommune.no
Aina Tjosås	Kommunalsjef for samfunnsutvikling	aitj@os-ho.kommune.no
Ingrid Karin Kaalaas	Økonomisjef	ikk@os-ho.kommune.no
Eva Røttingen	Personalsjef	ekr@os-ho.kommune.no
Elisabeth Farstad	Organisasjons- og innovasjonsjef	elfa@os-ho.kommune.no
Marianne Kramer	Prosjektleiar samfunn og næring	makr@os-ho.kommune.no
Monica Totland Melvold	Prosjektleiar tenesteutvikling	mtme@os-ho.kommune.no
Åse Gjerde	Tillitsvald	amg@os-ho.kommune.no
Guri Handeland	Verneombod	gumh@os-ho.kommune.no



Prosjektgruppe

Prosjektgruppa skal:

- Koordinere arbeidsgruppa sine forslag og anbefalingar.
- Sørge for framdrift, nødvendige avklaringar og avgjerder.
- Sørge for god dialog og samhandling undervegs i prosjektet.
- Gjere risikovurderingar og syte for høg informasjonssikkerheit.

Prosjektdeltakarane deltar i prosjektet som fagpersonar og skal:

- Utføre arbeidsoppgåver som dei får tildelt frå prosjektleiar.
- Vere medansvarlege for framdrift og resultat i prosjektet.
- Informere om eventuelle hindringar eller utfordringar som oppstår i prosjektet.
- Bidra til eit godt samarbeidsklima
- Informere om framdrift og status for prosjektet til eiga avdeling.

Namn	Ansvar/rolle	Ressurs avsett til prosjekt i %	Tlf.nr./e-postadresse
Monica Totland Melvold	Prosjektleiar		mtme@os-ho.kommune.no
Åshild Øvrebotten	Prosjektdeltakar	100 %	Ashild.ovrebotten@fusa.kommune.no
Silje Nes Mæland	Prosjektergoterapeut	40 %	Silje.nes.maeland@fusa.kommune.no
Espen Haga	IT-avdeling	20 %	Espen.harald.haga@fusa.kommune.no
Tone Borgen	Prosjektgruppedeltakar		tbs@os-ho.kommune.no
Tove Gylløw	Prosjektgruppedeltakar	40%	togy@os-ho.kommune.no
Sam Arnesen	Prosjektgruppedeltakar		sam@os-ho.kommune.no
Hilde Hjelle	Prosjektgruppedeltakar		hhj@os-ho.kommune.no
Kari Wågsæther	Prosjektgruppedeltakar		kaw@os-ho.kommune.no
Guri Handeland	HVO Os		gumh@os-ho.kommune.no
Reidun Eikeland	HVO Fusa		reidun.eikeland@fusa.kommune.no



Dersom kompleksiteten eller krav til kompetanse i eit prosjekt gjer det aktuelt å hente inn fleire deltakarar til prosjektgruppa, skal styringsgruppa fatte vedtak om dette. Det er vedtatt at tillitsvalde og verneombod skal vere med i prosjektgruppa.

Prosjektleder si rolle

- Prosjektleder leier og koordinerer aktivitetane i prosjektet og utarbeider forslag til framdriftsplan for prosjektet. Styringsgruppa vedtar framdriftsplanen.
- Fordeler oppgåver og syter for oppfølging, motivering, framdrift og godt samarbeid.
- Bruker etablert metodikk og Prosjektportalen som prosjektstyringsverktøy.
- Rapporterer/legg fram informasjons- og vedtaksgrunnlag til overordna prosjektleiing for vidare rapportering til styringsgruppa.
- Syter for møteinnkalling og referat frå møta.

Prosjektleder skal lage ein rapport ved prosjektavslutning. Sluttrapporten skal innehalde informasjon om prosjektmandat, gang i prosjektet, resultatvurdering og erfaringar.

Prosjektleder skal bruke prosjektportalen i all styring av prosjektet, inkludert malar og sjekklister.

Risiko og usikkerheit

Informasjonssikkerheit knytt til behandling av opplysningar om pasientar, tenestebrukarar og tilsette må ivaretakast spesielt. Prosjektet skal vurdere risiko undervegs, og syte for at omsyn til informasjonssikkerheit og personvern er høgt prioritert.

Aktuelle risikoområde (sjå overordna ROS-analyse):

- Manglande involvering og engasjement frå leiinga på alle nivå.
- Uklar ansvarsfordeling i prosjektorganisasjonen – grensesnitt mellom delprosjekta.
- Manglande involvering av tilsette og tillitsvalde.
- Klarer ikkje å etablere «neste praksis/beste praksis» som er betre enn summen av dei to kommunane sin eksisterande praksis.
- Motstand mot endring i administrasjonen/organisasjonen.
- Uklare forventingar kommunane imellom om kva dei skal bidra med inn i prosjektet.
- Ulike arbeidsmetodar og kulturar i dei to kommunane.
- Manglande motivasjon og jobbtrivnad.
- Feil prioriteringar og kort prosjektperiode.
- Klarer ikkje å synleggjere gevinstar undervegs.
- Tap av nøkkelpersonar i prosjektet fram mot 2020.
- Usikkerheit om framdrifta i prosjektet.
- Informasjonsflyt om prosjektet.
- Klarer ikkje få til eit heilskapleg system – her skal alt ligge – ingenting skal lagrast på server eller lokalt.
- Manglande ressursar til rådvelde i områda/einingane/avdelingane.
- Systematisk jobbing og oppfølging.
- Lik praksis i heile organisasjonen.



Prosjektmandat for Bjørnafjorden kommune

Nye risikoområde blir melde vidare til overordna prosjektleiing, og tas med i rulleringa av den overordna ROS-analysen.

Oppfølging og rapportering

Framgangsmåte for rapportering

Vurder framdrift i prosjektet. Rapportar på kostnad, tidsbruk, kvalitet osv.

Jamleg rapportering til overordna prosjektleiing. Frekvens blir avklart i oppstartsmøte.



På veg mot Bjørnafjorden kommune